



# TRACKSA NORWAY

## Nyhetsbrev 4. 2008

### VÅRE SAMARBEIDSPARTAR

#### JOSTEDAL

#### INDUSTRIER A/S

Jostedal Industrier er lokalisert i vakre Jostedalen, midt blant høge vestlandsfjell. Her inne finn du ei unik bedrift med ein Petter Smart som daglig leiar. Tracksa har arbeidd tett saman med Kurt Brun og JI i utviklinga av både startlysa og dei doble og trippel postane. JI har løyst oppgåva på ein genial måte, og har fylt alle krav vi stilla til både funksjonalitet og kvalitet på ein glimrande måte. JI er ein spennande bedrift som produserer alt frå sjukehusutstyr til pellets – omnar, og dei seier heller ikkje nei til spennande utviklingsjobbar. Treng du å få produsert noko, eller går du med ein ide om nye spannande produkt, kontakt Kurt, han kan sikkert hjelpe.

[www.jostedal-industrier.no](http://www.jostedal-industrier.no)

#### TARTARSTAN NESTE?

I midten av Juni tikka det inn ein mail frå ein mann i eit land eg ikkje ein gong hadde hørt om. Tartarstan, ein liten republikk i Russland med 3.7 mill menneske, og med en stor interesse for hestar og motorsport. Mannen heiter Rafael Rivoich og er teamsjef for ein Rallycrossførar med kanskje enda meir spesiell bakgrunn.. Rustam Minnikhanov, er nemlig ikkje berre tidlegare Finansminister, no Statsminister i Tar tarstan og glødande motorsportfan . Dei ville ha meir info om Tracksa. Vi vil holde kontakt med dei, så kanskje blir vi invitert på statsbesøk.....kven veit?

## EM, STCC, NM og SM .....

Dette er fasiten etter dei første måndane med Tracksa i marknaden.

Vi har hatt ein ekstremt travel start , men det er ein svært fornøgd gjeng som no tar til med haustsesongen, denne ser ut til å bli minst like travel som starten har vært.

Tracksa har vært brukt under nesten alle dei store konkurransane i Norge og Sverige , og er svært fornøgd med tilbakemeldingane vi har fått fra både førarar og funksjonærar etter desse løpa.

I juni vart vi invitert til Göteborg for å teste systemet under STCC, dette var ein fantastisk folkefest med over 40000 menneske på tribunene. Testen var så vellukka at vi umiddelbart fikk godkjenning frå

STCC til å bruke systemet under desse løpa. Dette har igjen resultert i ei stor bestilling fra Ring Knutstorp til STCC løpet der i slutten av august. Vi gleder oss allereie.

EM i Rallycross vart gjennomført på Momarken i slutten av juni, der var sjølv sagt Tracksa på plass. Systemet vart for første gang i sin heilheit brukt under ei EM runde, og vi besto denne testen med glans.


Under denne EM runda var det første gang vi også brukte våre nye dobbelposter som vi har utvikla i samarbeid med Jostedal Industrier. Dei har gjort eit fantastisk bra arbeid med desse nye postane.

Systemet er no i daglig bruk i mange Norske og Svenske klubbar, og lista over nye klub-

ber som investerer i lyssystemet blir lengre og lengre. Tracksa har fullt opp i ordrebøkene, og må nok belage oss på fortsatt mange mil i bilen før vi er ferdig med sesongen.

Tracksa er glad for den tilliten klubbane som har bestilt systemet i Norge og Sverige har gitt oss, vi vil strekke oss langt for de skal bli fornøgd med investeringane, og håper at systemet blir brukt daglig.

Dette er viktig for at deres funksjonærar skal føle seg trygge på bruken av anlegget.



## NYE STARTLYS OG NYE DOBLE OG TRIPPEL POSTER

Produktspekteret til Tracksa blir stadig større, vi har forsøkt å tilpasse oss kundane sine ønskjer og kjem no med ein del nyheter som vi håper blir godt mottatt. Vi har utvikla verdens råaaste startlys, dette startlyset kan sjølv sagt integrerast i det eksisterande lyssystemet til Tracksa, først ut med dette startsystemet er Gardermoen og Kongsvberg. Vi har også utvikla nye doble og trippel poster, desse er utvikla for racing, og inneheld også blått lys. Første anlegg her er Knutstorp.

